

Saksbehandlar: Arvid Stenehjelm, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 14/1568-1

## **Fylkesrådet for eldre - årsmelding 2013**

### **Framlegg til vedtak:**

#### **Sekretæren rår fylkesrådet for eldre til å gjere slikt vedtak:**

- 1) Årsmelding 2013 vert godkjend
- 2) Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møtet den 5. mars 2014
- 3) Fylkesrådet ber administrasjonen legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
- 4) Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale eldreråd

Vedlegg:  
 Årsmelding 2013

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Årsmeldinga skal gi ei nøktern oversikt over rådet sitt føremål, samansetjing og aktivitetar i året som har gått.

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Rådet kan også på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp. Rådet kan også på eige initiativ ta opp saker som gjeld levekår for eldre.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemmer til nemnde o.a. Valperioden 2011 – 2015 vart følgjande valt som medlem av fylkesrådet for eldre:

<b>Eivind Skjerven</b>	– leiar	varamedlem er:	Grete Eltvik
<b>Rønnaug Holmøy</b>	– nestleiar	varamedlem er:	Anna Sofia Skaar
<b>Harald Ekroll</b>	– medlem	varamedlem er:	Arne Rognalsen
<b>Kristoffer Skjolden</b>	– medlem	varamedlem er:	Astrid Martinsen
<b>Anita Nybø</b>	– medlem	varamedlem er:	Claus Kvamme

### **Sekretærstøtte**

Fylkesrådmannen syter for sekretariat for rådet. Rådet har gjennomgåande hatt ei sekretær tilsett i 30 % stillingstorleik. Frå sommaren 2013 gikk sekretær Britt Marie Norheim av med pensjon og fylkesrådmann har etter den tid stilt generell sekretariatstøtte til rådvelde. Arvid Stenehjem, rådgjevar ved fylkesrådmann sin stab, vart kontaktperson for rådet ut året. Ordninga vert vidareført til ei meir permanent ordning er på plass.

## **2. Konklusjon**

Dei faktiske aktivitetane rådet har delteke i kjem farm i sjølve meldinga. Rådet vil drøfte dette innhaldet på sitt møte no 5. mars og sekretariatet redigere i etterkant melding og ferdigstiller den i samsvar med dei innspela som kom fram i møtet.